

Detaljregulering for råolje- og petroleumsterminal – omtale av endringar i plandokumenta per mai 2024

Opprettet av: Vigleik Stusdal Normann

Det er, på bakgrunn av tilbakemeldingar frå Gulen kommune, gjort fleire endringar i plankart, føresegner, ROS-analyse og forenkla planomtale etter oversendinga den 11. mars 2024. Dei viktigaste endringane er omtalt under.

Plankart

- Det er teke inn raud støysone for vindturbinen.
- Kaiar nordvest i området er utvida i samsvar med bygd situasjon.
- Tilkomstvegar frå nord og sør til industriområde BI13 er endra i samsvar med eksisterande situasjon (ikkje lenger gjennomkjøring).

Føresegner

- Det er teke inn ein ny § 1.9 som gjeld iskast.
- Det er teke inn ein ny § 5.1.3 byggjegrense mot sjø i BI1 - a.
- Siste ledd i § 8.2 er teke ut, ettersom det er ei gjentaking.
- Ny § 8.4 raud støysone for vindturbin.

ROS-analyse

- Kapittel 3.1: Omtale av planområdet er oppdatert med oversiktsbilete.
- Kapittel 3.2: Omtale av planlagde tiltak er oppdatert.
- Kapittel 4.1 risikoidentifisering: Oppdatert med omtale av skrent/skjerding, støy for arbeidsplassar, iskastfare, skuggekast, trafikktryggleik og forureina grunn (tidlegare bruk).
- Kapittel 5.1 steinsprang: Oppdatert med omtale av rapport om risikovurdering steinsprang og omtale av eksisterande føresegner som varetok dette.
- Kapittel 5.9 støy frå vindturbin i tilstøytande plan: Nytt kapittel med vurdering av støyverknad for arbeidsplassar, og med omtale av raud støysone.
- Kapittel 5.10 iskast: Nytt kapittel med vurdering av iskastfare, og med omtale av ny føresegn om iskast.
- Kapittel 5.11 skuggekast: Nytt kapittel med vurdering av skuggekast frå turbin i planområdet.
- Kapittel 5.12: trafikktryggleik på private vegar: Nytt kapittel med vurdering av krysspunkt som avvik frå tilrådd standard.
- Kapittel 6: Samanstilling og oppsummering er oppdatert i samsvar med vurderingane i kapittel 5.

Søknad om endring etter forenkla prosess (planomtale)

- Innleiinga har fått ein oppdatert omtale av endringane og det er teke inn ein omtale av «oppdryddingsplanen».
- Samandraget er oppdatert.
- Kapittel 1 bakgrunn er noko oppdatert.

- Kapittel 2, punkt 1: Kart i figur 1 er oppdatert, og det er i omtalen under tydeleggjort at planområdet er redusert i sør. Det er teke inn ein ny figur 2 som viser tryggleikssona og sikringsfeltet.
- Kapittel 2, punkt 2: Oppdatert kart i figur 3, og noko justert omtale.
- Kapittel 2, punkt 3: Omtale av vegnettet er betydeleg endra, og det er lagt inn ein ny figur 4 som viser endringane i vegsystemet.
- Kapittel 2, punkt 4: Det er teke inn ein ny omtale av kaiar i nord, med ny figur 5.
- Kapittel 2, punkt 5: Det er teke inn ein ny omtale av raud støysone for vindturbin, med ny figur 6.
- Kapittel 2, punkt 6: Det er teke inn ein ny omtale av iskast, med ny figur 7.
- Kapittel 2.1: Omtale av føresegner er oppdatert med endringane som er nemnde over.
- Kapittel 2.2: Omtale av ROS-analysen er oppdatert med nye forhold som er vurdert.
- Kapittel 2.4: Omtale av verknader/konsekvensar av endringa er oppdatert.
- Kapittel 3: Vurderinga etter kriteria i pbl. § 12-14 andre ledd er oppdatert.

15.05.2024